

# Far og son

(GUNNAR GUNNARSSON I ISLENZK LESTRARBOOK)

Ved Hans Høyen

Dei hørde heime utanfor handelsplassen desse to. Båe heitte Snjolfur — gamle Snjolfur og litle Snjolfur vart dei kalla i dagleg tale. Og dei sjølve kalla einannan berre Snjolf. Det hadde vorte ein vane hjå dei å kalla einannan såleis. Gamle Snjolfur var over 50 år, men litle Snjolfur var ikkje meir enn vel 12 år gamal.

Båe var hjartevenner og kunne ikkje vera frå einannan. Like frå litle Snjolfur kunne minnst hadde det vore såleis. Men gamle Snjolfur kunne minnst lenger attende. Han hugsa at han for 13 år sidan hadde butt på odelsjord, berre nokre timar riding frå kjøpstaden, hadde vore gift med ei god kone og ått tri vene, friske born. Men brått snudde lukka ryggen til honom, og ulukka la seg om han støtt. Bufeet døydde av farsott og storkrøteri av miltbrann eller andre sjukdomar. Og straks etter fekk borni hans kikhoste og døydde alle tri, — og det så tett etter kvarandre at dei vart lagde i ei grav.

Det vart til det at Snjolfur laut selja og få seg ein annan bustad. Då kjøpte han neset, rett utanfor handelsplassen, bygde seg ei hytte som han delte av i to rom, raska opp ein fiskehjell, og då det var gjort, fekk han seg ein liten pram.

Det vart ei fattig og armodsleg tid han og kona hans fekk der i hytta. Båe var røynde i hardt arbeid, men vanskar og stendig sut for framtidi var dei lite vane med. Dei fleste dagane laut dei henta føda på sjøen, og havet var ofte ein ujamn gjevar. Dei gjekk ikkje kvar kveld mette til sengs. Og til klede og velvære var det lite til avlåt. Om sumrane arbeidde kona med å turka fisk hjå kjøpmannen, men turkedagane var fåe og timeløni låg. Men kona fekk ikkje leva lenger enn så vidt litle Snjolfur var fødd — hennar siste ord var å nemna namnet hans. — I frå den dagen budde far og son åleine i hytta.

Litle Snjolfur kunne godt minnst den fæle tidi då han var einsam i hytta, og dagane var fulle av liding og uhyggje, for det var ingen til å sjå etter han, og han var for ung til at far hans kunne taka han med på sjøen. Gamle Snjolfur laut anten binda han til

sengestolpen, med han var borte, eller setja alt laust til sides, så han ikkje kunne nå i noko som han kunne skamfara seg med. Gamle Snjolfur kunne ikkje sitja heime av den grunn. Han laut få noko i gryta. Men litle Snjolfur kunne og minnst gildare stunder — sumarblide dagar på det solglitrande havet. — Då sat han i stamnen og såg på gamle Snjolfur, når han drog blenkjande fiskar inn over ripi. Men dei gilde stundene kunne og blandast med beiske, av di sume dagar gret himmelen, og gamle Snjolfur laut ro åleine i prammen sin. Som vel var kom dei dagar, då litle Snjolfur vart så stor at han kunne fylgja gamle Snjolfur på sjøen korleis veret var. Og frå



Dei la liket under ein stor stein under ein bergpall tett attmed.

den tid skildest dei aldri frå einannan i levande live då. Ingen av dei kunne få augo av einannan sers lenge. Om ein av dei om natti var uroleg i svevnen, vakna hin straks, eller låg ein av dei vaken, fekk heller ikkje den andre sova. Ein kunne tenkja seg at sidan dei var så samde i alt, måtte dei ha mykje å prata om seg imellom. Men såleis var det ikkje. Dei kjende einannan så vel og hadde så urikkande tillit til einannan at dei trong ikkje seia så mykje. Dagane igjennom sa dei berre eitt og anna ordet. Dei trong berre å sjå på ein-

annan, så skjøna dei kva hin meinte. Men mellom dei få ordi som vart sagde, var det ei setning som støtt kom att, det vil seia at det var alltid gamle Snjolfur som sa dei til litle Snjolf. Og ordi lydde såleis:

«Ein må berre sjå etter å gjera sin skyldnad mot alle, og ingen skulda noko, og så lita på forsynet.»

Dei svalt heller enn å kjøpa noko som dei ikkje kunne betala kontant. Og dei sauma saman gamle sekkefiller og bøtte dei, så dei løynde kroppen nokolunde. Alle grannane deira hadde skuld og betala ikkje kjøpmannen utan av og til — og aldri fullt ut. Men desse to hadde aldri skulda eit menneske noko, så lenge litle Snjolfur kunne minnst. Ja, føre hans tid hadde visst gamle Snjolfur hatt rekning hjå kjøpmannen liksom alle andre. Men det skilde ikkje litle Snjolfur.

Dei laut sjå etter å ha noko att frå sumaren, då



det kunne vara heile vekone om vinteren dei ingen ting fekk for storm og ruskever. Difor salta dei ned eller laga turrfisk til vinteren, og sumt selde dei til kjøpmannen, så dei ikkje var pengelause, når vinteren sette inn. Og sjeldan var det noko att om våren, så det oftast vart turrbu på ettervinteren. Dei fleste vårane fekk dei kjenna svolten meir eller minder. Dei rodde ut kvar dag når det var ver og kom tidt tomhendte heim — eller med lite fengd. Men dei harma seg aldri, var støtt seg sjølve og bar lagnaden sin, kor tung han var, med tolug mod og var på ein måte lukkelege, av di dei ingen skulda noko. Og fekk dei ikkje noko til mat i dag, så kunne Gud senda dei noko i morgon — eller ein annan dag, — det var trøyst nok for dei. — Og når det leid på våren vart dei tidt bleike og holkjaka, og vonde draumar plaga dei. Og lange stunder låg dei vakne — —. Og i ein av desse harde vårane, då det var meir enn vanleg kaldt og snøtungt med snautt ein einaste godversdag — kom ulukka enn ein gong over gamle Snjolf. — Tidleg ein morgon brotna taket på hytta av snøtyngdi, og baa to kom under. Men litle Snjolf fekk på ein eller annan måte grave seg opp or snøfonni. Og då han såg at det var uråd for han åleine å finna gamle Snjolf, sprang han alt han evla til kjøpmannen og vekte han og folket hans. Men hjelpi kom for seint. Gamle Snjolf var kóvna, då dei på resten fann han i fonni. —

Dei la liket på ein stor stein under ein bergpall tett attmed. Seinare på dagen ville dei henta det på ein slede og køyra det til kjøpmannstunet. Litle Snjolf stod lenge og strauk over håret på gamle Snjolf. Han murra noko med sjølve seg — ingen hørde kva det var. Men han gret ikkje. Folk tykte det var ein underleg radd som ikkje felte ei fåre over far sin og vart halvkalde mot guten for dette.

«At ein gut på hans alder kunne vera så kaldlyndt,» sa dei seg imellom.

Såleis gjekk det til at ingen tok seg av han, så han vart att åleine der på neset, medan folk for heim og ville få morgonsmat før dei så seinare kunne henta ein slede til å leggja liket på. Hytta var skuva av handsteinane og låg der sundbroti. Sume stader stod det staurendar opp or snøen, og her og der såg ein reiskap og innbu. Litle Snjolf for ned til fjøra og ville sjå etter prammen. Han sa ingenting då han såg molar av prammen rak ut og inn mellom fjøresteinane, men han vart over lag sorgfull. Så gjekk han opp att frå fjøra og sette seg på steinen hjå liket.

«Dette ser grøteleg stygt ut,» tenkte han med seg. Hadde prammen vore uskadd, ville han ha selt han, for ein eller annan staden kunne han vel få tak i eitkvart han kunne ferdast på sjøen i, for det var ei skam å leggja seg på bygdi, det hadde gamle Snjolf tidt sagt. Og no var det alt saman øydelagt — utan neset. Og korleis skulle han fara åt til å få pengar for det? Han var redd for at det inkje var verdt, snautt og øydelagt som det var. Med eitt kom han i hug at han ingenting hadde å eta, så han truleg kom til å døy av svolt — dette hadde han gløymt heilt ut til dessa.

Han hadde mest hug til å springa ned i fjøra, og vassa ut i sjøen og drukna seg. Men det var det at då vart både han og far hans gravlagd på bygdi, og ansvaret kom til å liggja på han for baa to, og han ville ikkje ha det på seg at dei kvilde med skam i

gravi. Litle Snjolf var 'kje van eit såvore heilebrot. Han fekk hovudverk og heldt på å gjeva alt på baa ten. Då kom han til å tenkja på at han hadde ingenstad å bu. Og det ville verta kaldt å vera ute i natt. Han tenkte på kva han skulle gjera og tok så til å draga saman staurar og sperrebrot. Han la staurane på skrå på berghylla over liket og stengde att med segfillor og moka snø over det heile, så det skulle verta varmare der inne.

Det var ei svært liti trøyst i det at han berre kunne få ha Snjolf hjå seg nokre dagar. Det kunne snautt verta meir enn ei veke. Då han var ferdig, la han seg så lang han var ved sida av liket. Han var både trøytt, svolten og svevng. Med eitt flaug det gjennom hugen hans korleis han i verdi skulle fara åt med å betala gravferdi. Både det eine og det andre for gjennom hugen hans, han måtte berga seg sjølv og. Og straks for både svevn og trøyttleik. Han for ut or skuret og stemnde beint på kjøpmannstunet. Han såg ikkje anten til høgre eller vinstre eller brydde seg det minste om at folk såg på han med morske augo.

«Trollunge,» sa dei, «som ikkje syrgjer sin eigen far.»

Han gjekk beint inn i bui og spurde krambuguten om han kunne få tala med kjøpmannen. Guten undrast på dette, men gjekk og banka på kontordøri. Litt etter kom kjøpmannen fram i døri, såg ransakande på litle Snjolf og bad han så å koma inn på kontoret. Litle Snjolf la huva si på krambudisken og gjekk inn.

«Kva no, drengen min?» spurde kjøpmannen.

Litle Snjolf heldt på å missa modet, men han herde seg og sa: «Du veit visst at båtstøi vår er betre enn di.»

Kjøpmannen smilte uviljande åt litle Snjolf som stod der roleg og alvorleg.

«Ja, eg har høyrst det,» svara kjøpmannen.

«Så framt eg gjev deg lov til å leggja «Færøyingen» din i båtstøi mi i sumar, kva vil du betala meg for det?»

«Var det ikkje betre at eg kjøpte neset av deg?» spurde kjøpmannen og hadde vondt for å løyna smilen.

«Nei,» svara litle Snjolf, «for då eig eg ingenstad heime.»

«Du kan likevel ikkje vera der — og det får du heller ikkje lov til,» sa kjøpmannen.

«Ja, men eg etlar meg til å byggja ei onnor hytte, og til den tid bur eg i eit skur som eg har tenkt å ferda til. Sidan eg har mist Snjolf og prammen, kan eg ikkje ro til sumaren. Av den grunn vil eg leiga deg støi mi for Færøybåten din, om du vil betala meg lite grunn for det? Der kan du leggja til dei fleste gongene. Hugsar du ikkje kor ofte de sat heime i sumar, medan me rodde? Det var for det at støi dykkar var mykje verre enn støi vår,» sa litle Snjolf.

«Kor mykje vil du ha for støi di til sumaren?» spurde kjøpmannen.

«Så mykje som eg treng til gravferdi hans Snjolf.»

«Då seier me det. Eg skal få kiste og syta for alt, så du kan vera sorglaus for det.»

Kjøpmannen gjekk til døri og etla seg til å opna henne for han, men litle Snjolf rørde seg ikkje, så det var tydeleg at ærendet ikkje var ute enno.

«Når kjem det båt med varor til deg?» spurde Snjolf alvorleg og tenksam som før.



I himil-leite ein ny dag  
gryr til doggfriskt gull-land,  
— blugt som tanke og hjærtlag  
bjå einsleg, nattvåk fjellmann.

Krava myre røe kvasst.  
Klårt og mildt stig høgtids-sus —  
Nakne true ho veks fast  
til eit vern um heim og bus.

Blå og roglot som fuglbrost  
skye brusa for sval vind.  
Brone li-in skin upp ljost  
— og dette er skogen min.

Jord og himil elska fred,  
og den luften eg syp inn  
blir ei belligånd som gje'  
sjel åt sjøve andin min.

## Natur

av

RAGNAR SOLBERG

Ein bekk klonka, svart og sjo.  
Tindan lye, lyse kvitt,  
ris ti mektog, storkna ro  
— og, sjå, alt dette er mitt.

Eg takka for mårgån slik  
og har sol i augom tent,  
— styrkje tankjin, glad og rik,  
som frå evig Gud har kjent.

Sol-yre dryss på hela grunn  
og glitter hilda blygrått berg  
til livet mitt fær «gull i munn»  
— mårgåljos til innste merg.

Kjærlegheite gavmild sår  
seint ved haust eit grosterkt fro  
som spira mot ljøs-yr vår  
djuft i fjellmanns hjærteblod.

«Ikkje i morgon, heller dagen etter, tenkjer eg,»  
sa kjøpmannen.

«Kva tru han vil vita det for?» tenkte han med  
seg sjølv og såg på tolvåringen, liksom han skulle  
greia å gissa gåta.

«Treng du ikkje ein dreng i bui di liksom sist  
sumar?» sa han og såg beint opp i andletet hans.

«Jau, men han må helst vera i konfirmasjonsalder-  
ren,» sa kjøpmannen smilande.

«Vil du vera med meg utanfor buveggen?» sa litle  
Snjolf. Det såg ut som han hadde venta det svaret.

Kjøpmannen gjekk smilande etter Snjolf ut or bui  
og ned til grusdungen tett med. Litle Snjolf gjekk  
tagal bort til ein stein som låg der, tok han opp i  
fanget og kasta han frå seg. Så snudde han seg til  
kjøpmannen og sa: «Dette kunne krambuguten som  
du hadde sist sumar ikkje gjort. Eg såg at han tidt  
røynde seg på det.»

Kjøpmannen lo venleg: «Sidan du er så sterk, så  
er det ingen vande å leiga deg, om du ikkje er kon-  
firmert.»

«Og får eg maten hjå deg og same løn som han  
hadde?» spurde litle Snjolf.

«Ja, det seier seg sjølv, det,» svara kjøpmannen.

«Det er godt, så treng eg ikkje få av bygdekassa,»  
sa litle Snjolf og retta seg opp.

Så tok han av seg huva og flidde kjøpmannen  
handi som han hadde sett gamle Snjolf gjera. «Far-  
vel og takk,» sa han. «Eg kjem ikkje i morgon, men  
dagen etter.»

«Kom inn med meg som snarast,» sa kjøpmannen  
og gjekk føre til kjøkendøri, sende Snjolf inn og sa  
til kvinnfolki: «Ver gild og gjev drengen der ein  
liten matbetel!»

Litle Snjolf riste på hovudet nektande.

«Er du ikkje svolten?» spurde kjøpmannen.

«Jau,» svara litle Snjolf, då han kjende mat-  
lukt, «men dette er ei sælegåve, og eg vil ikkje  
tigga.»

Då vart kjøpmannen alvorleg. Han gjekk bort til  
guten, klappa han på hovudet, gav kvinnfolki eit  
vink og tok han inn med seg. «Har du aldri sett  
sæle far din gjeva kjenningane sine noko, når dei  
såg inn til han — ein kopp kaffi kanskje?»

«Jau,» svara litle Snjolf.

«Du ser ein lyt gjeva gjestene sine eitkvart godt.  
Difor lyt du få mat i lag med meg, skal eg seia deg,  
av di du er gjest her, og så er det avgjort at du  
vert her, så du treng ikkje tigga.»

«Ja, det lyt vel vera såleis då,» sukka litle Snjolf.  
Så stirde han framføre seg ei stund i tunge tankar,  
men sa så alvorleg: «Ein må berre sjå etter å gjera  
sin skyldnad, og ingen skulda noko, og så lita på  
forsynet.»

«Ja, sannare ord finst ikkje,» svara kjøpmannen.  
Og han laut taka fram lommekluten sin, for han lo  
og gret i eino. «Han slektar på sine,» murra han  
lågt. Så klappa han litle Snjolf på aksli og sa høgt:  
«Gud velsigne deg, drengen min.»

Litle Snjolf undra seg då han såg kjøpmannen  
vart rørd.

«Snjolf gret aldri,» sa han då. Men straks etter  
la han til: «Eg har aldri gråte heller, sidan eg var  
barn... eg vart så full av gråt då eg såg at Snjolf  
var drepen, men eg var redd han ville 'kje lika det.  
Difor herde eg meg...»

Ein augneblink etter låg litle Snjolf gråtande i  
fanget åt kjøpmannen.